

Innhald

Forord	9
Kapittel 1	
Introduksjon	11
Barnehagen som pedagogisk institusjon.	11
Didaktikk som teoretisk ramme	13
Datainnsamling.	15
Formål	16
Komparasjon mellom barnehagelærarar og assistentar	18
Samlingsstund og femårsklubb	20
Eigen bakgrunn.	21
Oppbygging av boka	21
Kapittel 2	
Tredelt didaktisk arbeidsprosess	23
Didaktisk arbeid føreset kunnskap og inkludering.	26
Didaktisk arbeid føreset refleksjon.	27
Rammeplanen om den didaktiske arbeidsprosessen.	32
Forsking på den didaktiske arbeidsprosessen	34
Oppsummerande refleksjonar	39
Kapittel 3	
Føresetnader hos barnehagepersonalet	41
Historikk.	42
Ratio barnehagelærer–assistent	43
Forsking på barnehagelærarar og assistentar.	45
Omgrepsbruk i sentrale dokument	47
Oppsummerande refleksjonar	48

Kapittel 4

Barnehagedidaktikkens grunnmur	49
Tidsbruk og organisering.	49
Heilskapleg læringssyn	51
Overordna og grunnleggjande verdiar for verksemda	55
Oppsummerande refleksjonar	58

Kapittel 5

Innhald i barnehagen	59
Den didaktiske trekanten	59
Andre typar didaktiske modellar	67
Samanhengar mellom didaktisk arbeid og didaktiske retningar ..	70
Oppsummerande refleksjonar	71

Kapittel 6

Didaktisk relasjonstenking	72
Den didaktiske relasjonsmodellen	73
Den modifiserte didaktiske relasjonsmodellen	75
Relevans for barnehagefeltet	82
Oppsummerande refleksjonar	84

Kapittel 7

Didaktisk arbeid ut frå læreplanteoretiske perspektiv	85
Implementering av rammeplanen	86
Didaktisk handlingsrom	92
Formål i lys av skulegang.	95
Oppsummerande refleksjonar	97

Kapittel 8

Arbeidsdeling i didaktisk arbeid	99
Kontekstualisering av prosjektet	100
Preaktiv fase; planlegging av samlingsstund og femårsklubb	103
Interaktiv fase; gjennomføring av samlingsstund og femårsklubb	108
Postaktiv fase; vurdering av samlingsstund og femårsklubb	115
Oppsummerande refleksjonar	126

Kapittel 9

Drøfting og vegen vidare	128
Synleg og usynleg arbeid	128
Barnehagen som arena for innhaldsformidling og skuleførebuing	132
Kritiske perspektiv på rammeplanen	134
Oppsummering kvardagslivets didaktikk	135
Vidare forskingsbehov	137
Litteratur	139
Register	150

Forord

Denne boka handlar om didaktisk arbeid i barnehagen. Eg har undersøkt korleis didaktisk arbeid blir utført av barnehagelærarar og assistentar gjennom doktorgradsavhandlinga *Didaktisk arbeid i barnehagen: Kvalitativ studie av korleis assistentar og barnehagelærarar planlegg, gjennomfører og vurderer samlingsstund og femårsklubb* (Håberg, 2015). Boka er ein omarbeidd versjon av denne avhandlinga. Doktorgradsarbeidet er gjennomført innanfor rammene av ein større forskingsstudie ved Høgskulen i Volda og Høgskulen i Oslo; Meistring av førskulelærarrolla i eit arbeidsfelt med lekmannspreg (MAFAL). MAFAL-studien sine sentrale tema var for det første meistring av førskulelærarrolla i lys av samanhengar mellom utdanning og yrke, og for det andre oppgåver og kompetanse hos personalet i barnehagen. Takk til Peder Haug som leia studien, og også ei takk til styringsgruppa for lærerikt samarbeid.

Avhandlingsarbeidet vart mogleg gjennom å bli tatt opp som ekstern stipendiat ved Institutt for pedagogikk ved Det utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitet i Oslo (UiO). Ein stor takk til rettleiarane professor Britt Ulstrup Engelsen ved UiO og professor Liv Gjems ved Høgskolen i Buskerud og Vestfold for omfattande lesing av uteljelege utkast som dei gav faglege og lærerike innspel på. Takk også til Høgskulen i Volda (HVO) som finansierte stipendiatstillinga og la til rette for gode arbeidsforhold.

I tillegg vil eg rette ei særleg takk til velvillige barnehagelærarar og assistentar som opna opp dørene i to barnehagar og let meg vere til stades på samlingsstund og femårsklubb, samtidig som dei delte sine erfaringar og refleksjonar gjennom intervju. Dette var ein grunnleggande føresetnad for at prosjektet kunne gjennomførast med eit rikt empirisk materiale. I ein hektisk barnehagekvardag er det ikkje alltid lett å finne tid og rom til personar som kjem utanfrå for å forske, så eg er svært takksam for velviljen og interessa som prosjektet vart møtt med.

Ei stor takk også til familie, vener og kollegaer som har stått meg nær gjennom prosjektet. Å bli bestemor til Viljar og Eivor i løpet av perioden med doktorgrad og bok har gitt ei påminning om barnets uendelege verdi og gleda ved å arbeide med barn i barnehagen.

Volda, april 2016

Liv Ingrid Aske Håberg